



Kvalitetsplan for Vestly skule & barnehage

Olweus-programmet og Opplæringslovas kapittel 9a

INTRODUKSJON AV VERKSEMDA

Skulen vår ligg på Vestly, og er ein av ti skular i Time kommune i Rogaland fylke. Skulen ligg i eit jordbruksområde og hentar elevar frå gardane rundt omkring. Det er vidare svært mange fornminne i skulekrinsen vår, noko vi prøver å formidla verdien av til elevane.

Vi er ein fådelt barneskule, og har om lag 60 elevar. I tillegg har vi ei barnehageavdeling knytta til skulen vår, der det går om lag 20 born.

Den pedagogiske plattform/visjonen til skulen er ”Ein god stad å vera og ein god stad å læra”, og bak denne påstanden ligg ei tru på at tryggleik og det å ha det gildt i lag fører til at ein lettare klarer å tileigne seg ny lærdom. I tillegg er det viktig at alle vert sett kvar dag og at vi tilrettelegger undervisninga slik at alle opplever meistring dagleg.

PROGRAMERKLÆRING

1. april 2003 trådde de nye endringane i Opplæringslova i kraft. I lova blir det psykososiale miljøet omtalt spesielt. Der blir det slått fast at alle elevar i grunnskolen har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring jf

Opplæringslovas § 9a-1. Det blir vidare understreka at skulane aktivt og systematisk må arbeide for å fremje eit godt psykososialt miljø der den enkelte eleven kan oppleve tryggleik og sosial samkjensle jf Opplæringslovas § 9a-3 første ledd.

Dette gir viktige føringar for korleis arbeidet på dette området skal gjennomførast ved Vestly skule & barnehage. Som rektor vil eg aktivt og systematisk arbeide for at Vestly skal vere ein skule der alle tilsette, elevar og foreldre skal samarbeide om å motvirke mobbing og antisosial åtferd. Bodskapen til dei som held på med mobbing, skal vere heilt klar: Vi

aksepterer ikkje mobbing på Vestly skule & barnehage, og vi vil arbeide for å førebyggje og hindre at dette skal skje.

UTGREIING OM KVALITETSSIKRINGSSYSTEMET

Vestly skule er pålagt å ha internkontroll jf Opplæringslovas § 9a-4. Skulen har derfor utvikla denne kvalitetsplanen som handlar om kvalitetssikring på det psykososiale området. Planen gjer greie for dei systematiske tiltaka som skal gjennomførast for å sikre kvalitet, ressursane som må vere tilstade og rekkefølgja av aktivitetane.

Hovudfundamenta i dette arbeidet er Olweus-programmet og System for kvalitetssikring av Olweus-programmet. Kvalitetssikringssystemet dekkjer alle punkta i Olweus-programmet mot mobbing og antisosial åtferd. I tillegg blir også krava i Opplæringslovas kapittel 9a om det psykososiale miljøet dekte her.

Hovudkomponentane i System for kvalitetssikring

System for kvalitetssikring av Olweus-programmet har to hovudfundamentar: Olweus-programmet mot mobbing og antisosial åtferd og Olweus standard.

Det inneheld også ei aktivitetsskje med ei kvalitetssløyfe og ein kvalitetsplan. Det er utvikla prosedyrar for kritiske situasjonar der mobbing skjer eller der det er mistanke om mobbing.

I tillegg er skulen sine planlagde og systematiske kvalitetssikringsaktivitetar delt inn i *sjekklister, referat, skjema og prosedyrar*.

Det som blir praktisert i samband med kvalitetssikringa, vil bli skriftleg dokumentert. For handtering av avvik er det klare og eintydige rutinar, og det blir dokumentert kva som blir gjort for å følgje opp avvik.

Kvart år vil det bli føretatt ein gjennomgang av heile kvalitetssikringssystemet for å fastslå om aktivitetane og praksis stemmer overeins med det som er planlagt.

Denne kvalitetsrevisjonen dannar grunnlaget for vår sertifisering som Olweus-skule. Systemet er også laga som elektronisk dokument med lenkjer til rutinar og dei hjelpemiddel som inngår.

GJENNOMFØRING AV KVALITETSSIKRINGSSYSTEMET

Med utgangspunkt i Vestly skule & barnehage sine primæroppgaver, er det lagt opp til at skulen sitt kvalitetssikringssystem skal ha hovudfokus på rapportering, oppfølging, evaluering og utvikling.

Det blir lagt opp til rutinar som er meiningsfulle for involverte partar og som stimulerer til forbetring og utvikling. Ansvarsforholda i kvalitetssikringssystemet kan oppsummerast i følgjande punkt:

- Skuleeigar har gjennom § 13-10 i opplæringslova ansvar for å sikre at krava i kapittel 9a blir ivaretatt på den enkelte skolen.
- Rektor/skuleleiinga har hovudansvaret for kvalitetssikringsarbeidet ved Vestly skule & barnehage jf Opplæringslova § 9a-4.
- Rektor/skuleleiinga har ansvar for ein forsvarlig forvaltningspraksis ved å registrere saker og fatte enkeltvedtak slik lova krev. Sakene skal registrerast i kommunen sitt saksbehandlingssystem.
- Rektor har ansvar for å rapportere om kvalitetssikringsarbeidet til skulemiljøutvalet.
- Skulemiljøutvalet har ein rådgivande funksjon overfor rektor i alt skulemiljøarbeidet.
- Alle i personalet har plikt til å undersøke og rapportere til leiinga ved skulen ved mistanke om mobbing, og å gripe inn og stoppe når mobbing skjer jf Opplæringslova § 9a-3.
- Kontaktlærer er hovudansvarleg for å rapportere til rektor/skuleleiing og å iverksetja planlagde førebyggjande tiltak.
- Elevane skal delta som samarbeidspartnarar i kvalitetssikringsarbeidet jf Opplæringslova § 9a-5.

Oversikt over rapporteringsansvar og avgjerdsnivå

Aktivitet	Ansvar for rapportering	Tidspunkt
Sjekkliste rektor	Rektor	Ved slutten av skuleåret
Sjekkliste kontaktlærer	Kontaktlærer	Desember og april
Referat Olweus-møte	Kontaktlærer	Rett etter gjennomførte møte
Sjekkliste personalmøte haust	Rektor	Rett etter gjennomført møte
Sjekkliste personalmøte vår	Rektor	Rett etter gjennomført møte
Referat samtalegrupper	Nøkkelperson/teamleiar	Etter gjennomførte møte

Introduksjonskurs	Instruktør	Rett etter gjennomført kurs
Referat introduksjonskurs	Instruktør	Rett etter gjennomført kurs
Sjekkliste elevråd	Kontaktlærer for elevrådet	Etter gjennomførte møte
Referat møte i elevråd	Kontaktlærer for elevrådet	Etter gjennomførte møte
Melding om avvik	Den som oppdagar avviket	Umiddelbart
Avviksbehandling	Rektor	Kontinuerleg
Saksbehandling kapittel 9a	Rektor	Kontinuerleg

Ved Vestly skule & barnehage er det oppretta skulemiljøutval jf Opplæringslovas § 11-1a. Eit velfungerande skulemiljøutval er viktig for at arbeidet med å skape eit godt arbeidsmiljø for elevane skal lykkast.

Det skal bidra til å skape ryddige forhold mellom skule og heim ved at det blir oppretta klare linjer for samarbeidet. Det er eit mål at skulemiljøutvalet skal utøve innverknad gjennom å vere ein utviklingspartner i skulemiljøarbeidet og kvalitetssikre rutinar og prosedyrar.

I skulemiljøutvalet ved Vestly skule & barnehage er elevane, foreldra, dei tilsette, skoleleiinga og kommunen representerte.

Skulemiljøutvalet er sett saman slik at representantane for elevane og foreldra til saman er i fleirtal.

Elevane er den primære gruppa i skulen si verksemd, og deira læringsutbytte er avhengig av eit godt læringsmiljø. Elevrådet utpeikar minst to representantar til skulemiljøutvalet. Elevane blir tatt med i planlegging og gjennomføring av det systematiske arbeidet ved skulen jf § 9a-5 om elevdeltaking i skulemiljøarbeidet.

Som elevrådsrepresentantar eller elevrepresentantar i skulemiljøutvalet, skal det vere mogleg for elevane å påverke og bidra i dette arbeidet.

Det er svært viktig å sikre trygg saksbehandling. Vestly skule har rutinar for å kvalitetssikre alle henstillingar på dette området, og dei blir behandla etter retningslinjer om enkeltvedtak i forvaltningslova. Henstilling blir registrert på eige skjema, og førebels svar blir gitt dersom ein ikkje kan svare på ei henstilling i løpet av ein månad etter at denne er mottatt, og enkeltvedtak blir fatta i tråd med forvaltningslova sine retningslinjer. Enkeltvedtak om skulemiljøet til elevar kan påklagast Fylkesmannen. Alle sakene blir journalført i kommunen sitt saksbehandlingsprogram.